

# Årsmelding, rekneskap og eigarsskapsmelding



**VØR**

2018

## STYRETS ÅRSMELDING 2018

VØR er heileigd av Ørsta og Volda kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50 % kvar.

Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune og driv med innsamling, transport og behandling av avfall og slam på vegner av eigarkommunane.

### ***Styringsorgan***

Representantskapet avvikla 2 møter i 2018 og handsama 10 saker. Styret avvikla 4 møter og handsama 39 saker.

Representantskapet sine medlemar er: Jan Henning Egset - leiar, Aslaug Marit Øyehaug - nestleiar, Jostein O. Mo, Toril Hasfjord Bjørneset, Pauline Vartdal Vinjevoll, Hild Våge, Bjørn Helset og Arne Torvik.

Styret sine medlemmer: Jon Helge Bjørndal – leiar, Ann Britt Våge Fannemel - nestleiar, Helge Standal, Anne Ellingsen og Ove Myklebust (tilsette- representant)

### **Innsamling, gjenvinning og nye tiltak i 2018.**

Representantskapet vedtok i 2014 ein fireårig plan der det nasjonale målet om minst 50 % gjenvinning innan 2020 og betre kvalitet i rapporteringa, er auka til minst 60 % gjenvinning hos VØR.

Vidare vedtok representantskapet å arbeide for minst 10 % auke i mengda innsamla farleg avfall. Resultat for miljømåla er omtala i eigarskapsmeldinga frå styret.

### ***Raud boks for farleg avfall.***

Vi starta med utlevering til alle abonnentar i februar – mars 2018, og var ferdig medio mai. I september tok vi til med innsamlinga. Vi stilte opp på 23 punkt utanfor sentrum Volda og Ørsta. Aksjonen vart avslutta sist i oktober med ekstra lenge open laurdagar på miljøstasjonen.

Kombinasjonen med dobbel varsling via SMS, henteording på strategiske stadar, og personleg vegleiing på staden, gav positivt resultat. Godt i volum særskilt av mindre typer farleg avfall og godt ved at mange nytta høvet til å tømme gamalt lager i kjellar og bodar. Det personlege møtet mellom kunnskapsrike VØR tilsette og undrande abonnentar var og tatt positivt imot. Det er mange som har spørsmål, ein best kan svare på ved å møte folk.

### ***Utlevering av behaldarar for matavfall og utstyr til kjøkenbenkane.***

I månadsskiftet september oktober starta vi med utlevering av matavfalls behaldarar, boksar for innsamling av matavfall som skal nyttast i kjøkenbenkane og rullar med posar til disse boksane.

Totalt leverte vi ut 15.000 einingar og 1.500.000 posar til abonnentane. Vi var ferdig siste veka før jul.

Utleveringa gjekk på skinner frå dag ein. Vi fekk inn behaldarane i skipskontainerar frå Hellas, og tømde dei stort sett etter kvart. Utleveringslistene vi laga var detaljerte og inndelte pr. gate og adresse, og var til god hjelp for dei som stod for den fysiske utdelinga. Dermed vart det få tillegsspørsmål og ekstra utleveringar.

Ein konsekvens av at vi innførte innsamling av matavfall, er eit oppsving i talet med abonnentar som heimekomposterar. Ca 120 nye abonnentar har satsa på det i 2019.

Registreringa av nummer på behaldarane står i rest og vert utført i 2019.

Likeså syner det seg at omlegginga i hentefrekvens er utfordrande for mange i form av for fulle 140 L og 240 L papirbeholdarar. Disse må oppgraderast til 240 L og 360 L, og det reknar vi med å bruke første halvår 2019 på å få gjort.

### *Melsgjerdet*

Bru til området er ferdig og tomt til VØR er no tilnærma klar til å starte bygging på. Sidan Ørsta Kommune ynskte å legge om den interne vegen, er området under omregulering. Dette har resultert i at VØR ikkje kan starte opp bygging før planen er eigengodkjent. Venta eigengodkjenning er tidleg haust 2019.

Grunna utsettinga, vedtok styret å starte innsamling av matavfall og å levere dette til SSR sitt anlegg i Saunesmarka. Oppstartidspunkt vart sett til 01.01.2019.

### ***Generelle krav til kvalitet på det som går til gjenvinning***

Det er eit nasjonalt og lokalt mål å auke materialgjenvinninga slik at det kan lagast nye råvarer. Reine fraksjonar er ein føresetnad for gjenvinning, og det har abonnentar og VØR eit felles ansvar for å få til.

For mange av våre abonnentar gjer ein for dårleg jobb med sortering av avfall. Trøysta er at dei som gjer ein god jobb, leverar svært reine varer og det veg noko opp for dei som sluntrar unna.

Men generelt er det for mykje ureiningar i papiret, i plasten som vert samla inn og vi får inn altfor mykje store gjenstandar som ikkje er metallemballasje saman med glaset. Den gamle haldninga med ute av syne ute av sinne er dessverre fortsatt gjeldande hos for mange.

Dårleg kvalitet gir minimum økonomisk trekk i oppgjeret for dei innleverte mengdene, i verste fall leveranse nekt.

Dårleg kvalitet straffar VØR og såleis abonnentane i neste omgang med høgre gebyr.

Framover må fokuset på innlevert kvalitet vere eit hovedsatsingsområde.

### ***Papp, papir, plast og drikkekartong.***

Kina har vore den store mottakaren av returfiber og plastemballasje i ei årrekkje. Den er no stansa. Dels på grunn av dårleg kvalitet, dels at dei er sjølvforsynte frå eigen heimemarknad. På same tid har fleire land i Asia gjort det same. Det resultera i at prisane og avsetninga av returfiber og returplast i Europa har nærast kollapsa. Krava til reine leveransar er skjerpa mange hakk inn. Leveransar av dårleg kvalitet finst ikkje avsetning på. Prisane er dårlege.

### ***Glas og metallemballasje***

Glaset går som råvare til Norsk Glasgjenvinning til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull (glava) pluss nye glas-produkt. Metalltet går til nytt metall.

Nasjonale plukkanalysar syner at potensialet er i overkant av 300 tonn med vårt folketal. Og der er vi ganske nær. Utfordringa og her er manglande kvalitet. Vi får stort sett kvalitetstrekk på kvar einaste leveranse, til tross for at vi driv førehandssortering på det som går ut.

### ***Plast***

Plast går til Tyskland for gjenvinning via Grønt Punkt Norge AS som er vår avtalepart i første del av 2018. Til Replast AS i Kristiansund i siste del av 2018.

Tidligere kvalitetstrekk vart oppheva i november 2017 etter ny revisjon av Grønt Punkt Norge AS, men kvaliteten er ikkje god nok med eit innhald på 5-8 % restavfall i plasten.

### ***Miljøstasjonen***

I 2018 er det første heile året vi har hatt fast tilsette som tar mot farleg avfall på stasjonen, i tillegg av ekstra personale ved langope og laurdagsope i den årstida det er mest aktivitet. Det har synt seg å vere naudsynt både i høve etterleving av lovkrav i avfallsforskrifta, men og for å gi folk betre råd om rett sortering. Kunnskapstrongen er stor.

### ***Slam.***

I 2018 var det ordinær innsamlingsrunde av slam. Kontraktspart er Norva 24 AS, og det gjekk greitt for seg.

Alt slam er av innsamlar vidarelevert til komposteringsanlegg, og vert til jord.

### ***Hageavfall.***

Reint hageavfall vart tidleg på året levert som strukturmateriale til Bingsa Næring sitt komposteringsanlegg. I april slutta vi av leveringane på grunn av mottaksproblem hos Bingsa Næring. Heilt på slutten av 2018 tok vi opp at vidarelevering, men då til Ivahola på Sandane som toppdekke. Dette vart stoppa i april 2019. Pr dato har vi ikkje avsetning, men reknar med at det skal løyse seg i løpet av året.

### ***Nedgravde anlegg***

Styret har vedteke å satse på nedgravne løysingar for å redusere transportbelastning, auke trafikktrygging og opplevd kvalitet på avfallslevering og henting. Vi opplever stor interesse for å få ut enda fleire anlegg, og i nye område med konsentrert busetnad, vert dette den nye standarden. Etter kvart vil vi få eige innsamlings-utstyr og elektronisk overvaking av bruk og fyllingsgrad. To nye anlegg er utplasserte i 2018, men heile ti sameiger har synt interesse.

### ***Fritidsbustader***

Vi samla inn om lag 130 tonn avfall frå disse mottaka i 2018.

Vi startar no arbeidet med å heve kvaliteten på disse mottaka. Samarbeidspartar vil først og fremst vere Statens Vegvesen.

### ***Informasjonsarbeid 2018.***

God kommunikasjon er ein føresetnad for å auke materialgjenvinninga. Sentralt i dette arbeidet er å fortelje innbyggjarane i Volda og Ørsta kva omleggingar som skjer i regi av VØR, og kva omleggingar som vil kome i framtida.

For å nå ut, har VØR brukt eiga heimeside, Facebook, lokalaviser, Sunnmørsposten og NRK.

Dei tre kommunikasjonsleiarane i VØR, SSR og ÅRIM møtest med jamne mellomrom. Kommunikasjonsansvarleg hos VØR Petter Sandvik slutta 1 september. Ina Osdal Saure erstatta Sanvik i stillinga frå 1 desember.

### ***ÅRIM, SSR og VØR***

Eit utvida samarbeid mellom dei tre interkommunale selskapa på Sunnmøre utviklar seg. Vi har hatt fleire møter på leiarnivå. I spørsmålet om utgreiing av biogass anlegg, samarbeider vi særskilt tett med Årim. Om etablering av Biogass anlegg på Sunnmøre og ettersorteringsanlegg av restavfall, er det gått inn intensjonsavtale mellom selskapa. Administrativt er der etablert eit brukarforum for KomTek brukarane.

### ***Biogass***

Arbeidet med å avklare grunnlaget for eit eventuelt framtidig anlegg er vidareført i første del av 2018. I andre halvår har dette arbeidet vore på vent, då Fylkesmannen krev oppdatert reguleringsplan der det skal etablerast eit anlegg. Representantskapet har vedteke å be administrasjonen gå vidare å søkje om Løyve for biogassanlegg. Dette vil verte teke tak i når oppdatert reguleringsplan er eigendokkjent hausten 2019.

### ***Eigarskap i andre selskap.***

VØR har eigarskap i andre selskap der ein oppnår auka kompetanse, god ressursutnytting og styrkt driftsresultat. Oppgåver i tråd med § 4 i selskapsavtalen.

Rekom AS: Vi har 30 aksjar. (0,64% eigarskap) Rekom AS er eit firma som har spissa kunnskapar innan sal av avfall. Firmaet held til i Bergen og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. I 2018 vert trevirke, restavfall og papp/ papir mekla via Rekom.

Retura Norge AS: Vi har 77 aksjar (0,64% eigarskap) Firmaet driv med sal overfor kundar som krev landsdekkjande avtalar for avfall, innkjøp, IT drift og kompetanseutvikling for Returaselskap i heile landet. Firmaet held til i Oslo og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap.

Retura Søre Sunnmøre AS (RSS): Vi har 50 aksjar og 100 % eigarskap. Selskapet driv med innsamling, sortering og vidaretransport av avfall for næringslivet i Volda og Ørsta. Selskapet har ei omsetning i 2018 på om lag 20 mill kr og 7 tilsette. Selskapet er ein lokal totalleverandør av avfallstenester for næringslivet. Selskapet held til på vårt område i Hovdebygda.

Drifta i RSS er med på å halde nede kostnadene både for VØR og RSS då vi saman oppnår god utnytting av felles bygningsmasse, utstyr og personalressursar.

### ***Personale, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.***

VØR har ved utgangen av året 18 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2018 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert. Risikovurderingar vert brukt aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra. Vi organiserer aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. Vi samarbeidar med Stamina Helse om å ha eit godt arbeidsmiljø. I 2018 er det gjennomført kosthaldsveggleiing i regi av Stamina. Og vi leiger inn Sikkerheitsrådgivarteneste med Hans Ivar Langvatn.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle tilsettingar. Av våre tilsette ved årsskiftet, er 7 kvinner.

VØR hadde 1,7 % eigenmeldt fråvær inklusiv fråvær på grunn av barns sjukdom (< 3 dagar) og 8,1 % legemeldt langtids sjukefråvær. Totalt eit sjukefråvær på 9,8 %, mot 9,0 % i 2017. Vi har ikkje sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2018.

Vi har ikkje registrert tilfeller av ureining til det ytre miljø i 2018 utover det som er vanleg i vår bransje. Vi har ikkje registrert formelle klage på lukt frå anlegget vårt.

### **Representasjon.**

Petter Bjørdal representerte VØR på årsmøtet til Møre og Romsdal Avfallsforum i mars. på årsmøtet til Avfall Norge i juni og Generalforsamlinga til Rekom AS og Retura Norge AS i mai.

### **RAMMEVILKÅR.**

#### *Konsesjon og forskrifter*

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97.

VØR etterlever vilkåra.

Vi har fått Løyve for omlasting av avfall og kompostering av hageavfall på Melsgjerdet. Løyvet er ikkje aktivt.

#### *Slamhandsaming i Alida.*

VØR mellomagra avvatna slam i Alida til og med 2012. Det er ikkje utført noko form for arbeid på anlegget i 2018.

### **ØKONOMI.**

#### *Sjølvkostrekneskap renovasjon*

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ein periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr.

#### *Årsresultatet*

Årsresultatet for drifta syner eit underskot på hushaldningsrenovasjon på kr 3.896.694,- som vert dekt av fond hushaldningsrenovasjon. Sjølvkostfondet er no negativt, og syner ein negativ balanse stort kr. 1.015.874,- som må dekkast inn dei komande fem år.


Årsresultatet syner eit overskot på slam på kr 971.789,-. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene vert ført i partal år, ( det året tøming vert utført) medan ein del av kostnadene er like frå år til år. Sjølvkostfond slam syner ein positiv balanse stor kr 1.674.668,-

Årsresultatet syner eit overskot på 1.084.138,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.

Resultatrekneskapen viser totalt sett eit samla underskot på kr 1.840.767,-

Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjelpt oss også i 2018. Styret meiner at føresetnaden for fortsett drift er tilstade. Totalt sett er styret godt nøgde med året 2018, og takkar dei tilsette for innsatsen.


Hovdebygda 30.04.2019


  
Jon Helge Bjørndal  
Styreleiar

  
Ann Britt Våge Fannemel  
Nestleiar

  
Helge Standal

  
Anne Ellingsen

  
Ove Myklebust  
tilsette sin representant

  
Petter Bjørndal  
Dagleg leiar

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA****RESULTATREKNESKAP 2018**

	Note	2018	2017
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntekt		30 625 246	26 946 790
Annan driftsinntekt		<u>181 121</u>	<u>134 820</u>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<u>30 806 367</u>	<u>27 081 610</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Frakt, toll og spedisjon			7 570
Beholdningsendring sekkar		-11 364	
Lønnskostnad	2	-11 891 346	-10 498 495
Avskrivning	3	-3 684 306	-3 112 854
Annan driftskostnad		<u>-17 688 098</u>	<u>-14 051 330</u>
<b>Sum driftskostnader</b>		<u>-33 275 114</u>	<u>-27 655 109</u>
<b>Driftsresultat</b>		<u>-2 468 747</u>	<u>-573 499</u>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Finansinntekt		1 042 180	220 109
Nedskrivning av finansielle anleggsmiddel			-150 000
Annan finanskostnad		<u>-350 900</u>	<u>-368 549</u>
<b>Sum netto finansposter</b>		<u>691 280</u>	<u>-298 440</u>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		-1 777 467	-871 939
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>-63 300</u>	<u>-282 958</u>
<b>Ordinært resultat</b>		<u>-1 840 767</u>	<u>-1 154 897</u>
<b>Årsresultat</b>		<u>-1 840 767</u>	<u>-1 154 897</u>
<b>Årsoppgjersdisposisjonar</b>			
Til fond slam		-971 789	393 977
Frå fond hushaldning		3 896 694	1 554 598
Overført annan EK		<u>-1 084 138</u>	<u>-793 678</u>
Sum disponert		<u>1 840 767</u>	<u>1 154 897</u>



**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA****BALANSE PR. 31.12.18**

	Note	2018	2017
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Immaterielle egedelar		78 334	115 133
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	17 009 979	18 234 368
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	3	9 905 496	8 917 983
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<u>26 993 809</u>	<u>27 267 484</u>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringar i aksjar og andelar		1 396 899	1 352 501
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<u>1 396 899</u>	<u>1 352 501</u>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<u>28 390 708</u>	<u>28 619 985</u>
<b>Omlaupsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
Varelager		79 612	82 948
<b>Sum varer</b>		<u>79 612</u>	<u>82 948</u>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		2 722 233	1 092 583
Andre fordringar		1 061 113	837 172
<b>Sum fordringar</b>		<u>3 783 346</u>	<u>1 929 755</u>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>	4	8 190 158	16 142 167
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<u>8 190 158</u>	<u>16 142 167</u>
<b>Sum omlaupsmidler</b>		<u>12 053 116</u>	<u>18 154 870</u>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<u>40 443 824</u>	<u>46 774 855</u>

2018

2 017

**EIGENKAPITAL OG GJELD****EIGENKAPITAL****Opptent egenkapital**

Fond for etterdriftstiltak deponi	724 048	724 048
Fond for slamhandsaming	1 674 668	702 879
Fond for hushaldning	-1 015 874	2 880 820
Annan egenkapital	14 235 273	13 151 162
<b>Sum opptent egenkapital</b>	<u>15 618 115</u>	<u>17 458 909</u>
<b>Sum egenkapital</b>	<u>15 618 115</u>	<u>17 458 909</u>

**GJELD****Avsetning for forpliktelsar**

Utsett skatt	-23 796	-4 117
<b>Sum avsetning for forpliktelsar</b>	<u>-23 796</u>	<u>-4 117</u>

**Annan langsiktig gjeld**

Gjeld til kredittinstitusjonar	5 <u>21 281 875</u>	<u>24 306 459</u>
<b>Sum annan langsiktig gjeld</b>	<u>21 281 875</u>	<u>24 306 459</u>

**Sum langsiktig gjeld**

	<u>21 281 875</u>	<u>24 306 459</u>
--	-------------------	-------------------

**Kortsiktig gjeld**

Leverandørgjeld	1 299 944	2 883 966
Betalbar skatt	82 979	282 829
Skyldige offentlege avgifter	553 952	428 324
Annan kortsiktig gjeld	1 630 755	1 418 485
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<u>3 567 630</u>	<u>5 013 604</u>

**Sum gjeld**

	<u>24 825 709</u>	<u>29 315 946</u>
--	-------------------	-------------------

**SUM EIGENKAPITAL OG GJELD**

	<u>40 443 824</u>	<u>46 774 855</u>
--	-------------------	-------------------

Hovdebygda 30.04.19



John Helge Bjørndal  
Styreleiar



Ann Britt Våge Fannemel  
Nestleiar i styret



Anne Ellingsen  
Styremedlem



Helge Standal  
Styremedlem



Ove Myklebust  
Tilsettere representant



Petter Bjørndal  
Dagleg leiar

## NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2018

### Note 1      **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidareasal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

### Note 2      **Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.**

	<b>2018</b>	<b>2017</b>
Løner	8 705 991	7 697 557
Arbeidsgjevaravgift	1 441 397	1 276 181
Pensjonskostnader	1 170 103	1 067 891
Andre lønskostnader	<u>573 855</u>	<u>456 866</u>
Sum lønskostnader	<u>11 891 346</u>	<u>10 498 495</u>

Det har i gjennomsnitt vore 19 tilsette i selskapet i 2018

<b>Godtgjersler</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styre/ Representantskap</b>
Løn	884 683	291 550
Anna godtgjersle	60 835	1 726
Premie til pensjonsordning	170 286	

### **Pensjon**

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Betalt pensjonspremie i året: kr. 1.113.864

### **Revisor**

Kostnadsført revisjonshonorar i 2018 utgjør kr. 15.436

### Note 3      **Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.18	71 555 172
Tilgang	3 410 631
Avgang	
Kostpris 31.12.18	74 965 803
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.18	47 750 709
Balanseførte verdier 31.12.18	26 993 809
Ordinære avskrivningar i året	3 684 306

**Note 4 Bundne midlar**

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 553.952

**Note 5 Pantsetjingar og garantiar**

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 21.281.875 er sikra med garantiar frå eigarane.

**Note 6 Eigenkapitalinnskot KLP**

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2018 er det betalt kr. 44.398 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 494.073

**Note 7 Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda****Årets skattekostnad****Resultatført skatt på ordinært resultat:**

Betalbar skatt	82 979
Endring i utsatt skatt	-19 679
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>63 300</b>

**Betalbar skatt i årets skattekostnad:**

Ordinært resultat før skatt	1 197 127
Permanente forskjellar	-927 246
Grunnlag for årets skattekostnad	269 881
Endring i midlertidige forskjellar	90 898
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	360 779
<b>Skattepliktig overskot</b>	<b>360 779</b>

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	82 979
<b>Sum betalbar skatt ordinært resultat</b>	<b>82 979</b>

**Betalbar skatt i balansen:**

Betalbar skatt på årets resultat	82 979
<b>Sum betalbar skatt i balansen</b>	<b>82 979</b>

Utsatt skatt på bygningar er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8

# ERKLÆRING I SAMBAND MED REKNESKAPSAVLEGGING FOR 2018

Vi stadfestar etter beste skjønn og overtyding:

## *Rekneskap og budsjett*

- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året låg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlige forplikingar for selskapet utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at selskapet har brote avtaler eller offentlige påbod på ein måte som kan påføre selskapet vesentlige økonomiske forplikingar.
- Vi kjenner ikkje til at det har skjedd hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentlig betydning for årsrekneskapen.
- Vi har ikkje opplysningar om misleghald eller andre uregelmessige forhold av betydning for årsrekneskapen.
- Vi er kjent med vårt ansvar for å sette i verk formålstenleg rekneskapsrutine og kontrolltiltak for å forhindre og avdekke misleghald og feil.
- Selskapet og årsrekneskapen inneheld ikkje forhold eller transaksjonar med nærstående partar utover datterselskap og kommunane (gjeld både selskap og personar).
- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjente inntekter og utgifter samt økonomiske forplikingar av betydning – både påløpte og betinga.
- Alle budsjett- og budsjettendringar gjennom året er registrert.
- Vi meiner at rekneskapsmessig fordeling mellom hhv. næring og monopol er i samsvar med regelverket for sjølvkost.

## *Opplysningar som er gitt*

- Vi har gitt revisor:
  - Tilgang til alle opplysningar som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av rekneskapen
  - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål
- Alle transaksjonar er registrert og går fram av rekneskapen.

Eventuelle kommentarar til punkta over:

---

---

Hovdebygda 7. mai 2019

  
Dagleg Ieiar

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til  
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

## REVISJONSMELDING 2018

### Uttalelse om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS som viser eit underskot på kr. 1.840.767,-. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2018 med notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelsar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Øvrig informasjon*

Leiinga er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding, men inkluderar ikkje årsrekneskapen og revisjonsberetninga. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje øvrig informasjon, og vi attesterer ikkje den øvrige informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

## *Styret sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvise bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsmeldingar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god rekneskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta stilling til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggast til grunn for årsrekneskapaen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvika.

## *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av mislegheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av mislegheiter eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelighet kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast mislegheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av mislegheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan mislegheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelser, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheiten av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avleggelsen av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det foreligg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, vert det krevd at vi i revisjonsberetningen vier oppmerksomheita på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Etterfølgande hendelsar eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikkje forsetter drifta.
- Evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapaen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskapaen gir uttrykk for dei underliggende transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvise bilde.



# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Vi kommuniserer med leiinga blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

## Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Larsnes 8/5-2019

*Halldis Moltu*  
Halldis Moltu

-reg. revisor-

# Eigarskapsmelding 2018



**Volda og Ørsta Reinholdsværk IKS**

## Eigarskap og Formål

Eigarmeldinga har som formål å auke eigarkommunane si kunnskap om drift og resultat til det interkommunale avfallsselskapet VØR, samt beskrive rammar for styring og kontroll av selskapet si verksemd. Eigarmeldinga er meint å vere eit verktøy for både folkevalde og administrasjon.

VØR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegne av eigarkommunane. VØR er organisert som eit interkommunalt avfallsselskap der kommunane Volda og Ørsta har ein eigardel på 50% kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune og har som sitt formål å oppfylle kommunane sine plikter relatert til hushaldningsavfall jamført forureiningslova og eigne forskrifter. Dette inneberer innsamling, lagring og transport av nemnt avfall og handtering av slam. VØR skal oppfylle eigarane sine krav til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall, og er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav til innsamling og behandling av avfall frå hushaldningar. VØR sitt dotterselskap Retura har ansvar for innsamling og behandling av næringsavfall.

*Gebyrfordeling:*

Kommune	Hushaldningar	Fritidshus	Totalt
Ørsta	4715	625	5340
Volda	4111	410	4521
<b>Totalt</b>	<b>8826</b>	<b>1035</b>	<b>9861</b>

I dei to eigarkommunane til VØR er det busett 20 000 innbyggjarar. Av desse er 8826 registrert som privatabonnentar. I tillegg handterer VØR hushaldningsavfallet til 1035 fritidshusabonnentar.

Verksemda byggjer på sjølvkostprinsippet, der forureinar betalar eit gebyr som dekkjer innsamling, transport, lagring og behandling av avfallet. Overskot frå monopoldrifta vert tilført eit sjølvkostfond. Underskot i drifta vert finansiert av sjølvkostfondet. Over ei periode på fem år, skal sjølvkostfondet balansere. I samband med samanslåing av Volda kommune med Hornindal kommune frå 2020, har revisor kravd at overskot i sjølvkostfonda skal vere så nær balanse som råd.

VØR sin visjon er ha gode system som motiverer til god kjeldesortering blant abonnentane og innbyggjarane. VØR jobbar for å auke kjeldesortering i hushald og nå framtidige materialgjenvinningsmål, samt bidra til ein generell avfallsreduksjon blant innbyggjarane.

## 2. Strategiske mål

Selskapet skal arbeide for dei gode miljøløysningane innanfor akseptable økonomiske rammer, med vekt på kostnadseffektivitet og kvalitet. Vidare skal selskapet jobbe for å nå materialgjenvinningsmål i tråd med lokale, nasjonale og internasjonale krav. I dette ligg det:

- Å forsøke å oppnå 60 % materialgjenvinning innan 2020 (jf. strategiplan for 2015-2020).
- Å nå 50 % materialgjenvinning av hushaldsavfall innan 2020 og 60% innan 2035 (internasjonale og nasjonale krav).
- Auke mengdene innsamla farleg avfall med 10%.
- Nå 10 kg per innbyggjar i innsamla plastemballasje innan 2020.


- Redusere mengda transport i høve 2010 med 20% i tråd med FN sin klimaplan.

## Politisk rammeverk

### Auka fokus på sirkulær økonomi og materialgjenvinning.

Avfallsbransjen jobbar tett opp mot avfallpyramiden (avfallshierarkiet) som er ein illustrasjon på prioriteringane i norsk og europeisk avfalls- og gjenvinningspolitikk. Målet er at ressursar skal behandlast så nært toppen av pyramida som mogleg. Det viktigaste målet er å redusere avfallsmengder, deretter bruke om produkt, før ein gjenvinner det. Om ein ikkje kan materialgjenvinne avfallet så skal det gå til energiutnytting. Det som ikkje er eigna for materialgjenvinning eller energiutnytting skal gå til eit godkjent deponi. For å gå mot ein sirkulær økonomi må avfallsbransjen og VØR bevege seg meir mot dei tre øvste nivåa i pyramida.

#### AVFALLSHIERARKIET



Kilde: Miljødirektoratet 2016 / Miljøstatus.no

I 2010 vedtok Ørsta kommune og Volda kommune ein klimaplan med hovudfokus på status, utfordringar og tiltak retta mot utslepp av klimagassar innan kommunane. Eit av måla beskrive i planen var å nå 10 kg per innbyggjar i innsamla plastemballasje.

I 2015 handsama VØR sitt styre ein strategiplan for 2015-2020, der dei gjorde vedtak om korleis nå nasjonale og overnasjonale styresmakter sine mål for avfallspolitikken. Representantskapet vedtok strategiplanen i 2015 som har som målsetning at VØR skulle nå mål om minst 50 % materialgjenvinning i 2018 og deretter 60 % materialgjenvinning i 2020.

I februar 2018 vart Regjeringa si melding om avfall og sirkulær økonomi behandla i Stortinget. Stortinget vedtok at regjeringa skal utarbeide ein nasjonal strategi for utviklinga av ein sirkulær økonomi. Regjeringa vart bedt om å sette nye nasjonale mål for avfallsreduksjon, materialgjenvinning og ombruk, i tråd med EU sin sirkulære økonomi pakke. Det nye mantraet er at avfall skal verte sett som og behandla som ein verdifull ressurs. Dette viser igjen i både EU og Stortinget sitt krav om auka materialgjenvinning. Jamført avfallsrammedirektivet skal 50% av all avfall frå hushald i Norge materialgjenvinnast i 2020. Neste mål er 55% innan 2025. 60 % innan 2030 og 65 % innan 2035.

Skal vi nå desse måla, så krev det drastiske endringar i åtferd og vaner blant forbrukarane, men også god tilrettelegging i innsamlingssystem og auka kommunikasjon frå avfallsbransjen. Hovudbodskapet skal vere at kjeldesortering er lett og alle munnar dreg!

VØR målte i 2017 ein materialgjenvinningsgrad på 38%. I 2018 vart materialgjenvinningsgrada målt til å vere 40,4%.

## Selskapet si verksemd i 2018

VØR er eit interkommunal avfallselskap som skal oppfylle eigarane sine krav til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. VØR er på same tid underlagt nasjonale og internasjonale krav til innsamling og behandling av avfall frå hushaldningar. Dette betyr at verksemda blir målt på bl.a økonomistyring, brukarvennlegheit og miljø- og materialgjenvinningsmål.

### Brukarundersøking RBM

VØR var våren 2018 med i ein renovasjonsbenchmarking undersøking i regi av Avfall Norge. I denne samanheng vart det utført ei brukarundersøking av VØR sine tenester blant abonnentane. VØR målte 77/75 poeng, som var eit gjennomsnittleg resultat. Resultatet viste at abonnentane våre er godt kjende med VØR, dei er nøgde med oppsamlingsystemet og hentinga for hushaldsavfall. Men det vart påpeikt misnøye rundt for lite kapasitet i behaldarane og sekkane og at avfallet vert henta for sjeldan. Dette heng gjerne saman med haldningar og vanar frå tidlegare, sidan hentefrekvensen på restavfallet vart redusert til annakvar veke i 2016. Grunnen til denne endringa har truleg ikkje vore kommunisert godt nok ut til abonnentane.

Miljøstasjonen scorar høgt på tilfredsheit blant våre abonnentar og om lag 8 av 10 har tidlegare levert frå seg avfall her. Vi fekk også høg score på respons, og om lag halvparten av dei spurte abonnentane har vore i kontakt med oss og var nøgde med kundebehandlinga. Derimot, så var kundane misfornøgde med prisen på renovasjonsordninga og meinte dei betalar alt for mykje for tenestene frå VØR.

Når det gjeld informasjon, så har så mange som 97% mottatt informasjon frå oss i løpet av 2018 og dei er nøgde med informasjonen. Men her var det også rom for forbetring.

Eit av dei mest kritiske punkta i brukarundersøkinga var at 3 av 10 abonnentar ikkje var tilfredse med sluttbehandlinga av avfallet dei leverer inn til VØR. Her meinte kundar at det er for lite gjenvinning og gjenbruk av det sorterte avfallet og dei trur det meste går til forbrenning. Dette viser at dei har for lite eller manglande kunnskap om kva som skjer med avfallet etter at dette er samla inn. Her ligg det eit klart forbetringspotensial i informasjonsformidlinga som vi vil ta med oss vidare inn i 2019.

### Hornindal

Hornindal og Volda har vedteke å slå seg saman frå 01.01.2020 og at renovasjonsordninga skal handterast via VØR. Planlegginga er i gang. Vi har hatt møter med Nomil og Hornindal. Innsamlinga må utvidast, og vi har budd oss med å skifte ut noko materiell.

Forskrifter er handsama i styret og fellesnemnda har sendt dette ut på høyring. Vidare må selskapsavtalen vedtakast på nytt.

Vi meiner å vere i rute til overtaking 01.01.2020.


## Ei ny ordning- utsortering av matavfall.

I Stortingsbehandlninga av regjeringa si melding om ein avfall og sirkulær økonomi strategi, vart det gjort eit vedtak om stille krav til kommunane om lovpålagt utsortering og materialgjenvinning av plast og våtorganisk avfall frå hushald og tilsvarande avfall frå næringslivet. Tett relatert til dette vart Regjeringa også bedt om å utgreie verkemiddel og tiltak for å legge til rette for fosforgjenvinning i Norge.

Fosfor er ein av dei viktigaste komponentane i kunstgjødsel og både menneskjer og dyr får i seg dette viktige næringsmidelet gjennom maten dei et. Det er eit grunnstoff på lik linje med oksygen og hydrogen og er ein byggestein til alt livsgrunnlag på jorda. Fosfor er ein ikkje-fornybar naturressurs, som i motsetnad til olja, ikkje finst noko anna alternativ til. Med utsortering og gjenvinning av matavfall, får vi ikkje berre ført fosforet tilbake til matjorda vår, men vi kan erstatte kunstgjødsel med biogjødsel og i større grad erstatte fossilt brennstoff med eit meir klimavennleg drivstoff gjennom biogassen. 70% av alle kommunar i Noreg har i dag utsortering av matavfall.

VØR valde å innføre dette i sine eigarkommunar etter nyttår i 2019. Derimot så starta planlegging og innkjøp av utstyr tidleg på nyåret i 2018. Innføringa av matavfallsordninga har vore den mest omfattande logistikk operasjonen i VØR si historie, då 15000 behaldarar og oppbevaringsboksar i tillegg til 1,5 millionar matavfallposar vart kjørt ut til abonnentane over ei tidsperiode på to månadar. Vi starta i oktober og var ferdige med utleveringa rett før jul i desember.

Innføringa av den nye sorteringsløysinga har stort sett gått smertefritt for seg og det er grunn til å tru at dette var ei venta ordning av dei fleste innbyggjarane. Dette ser vi i oppslutninga og mengder av matavfall samla inn i dei to første vekene i januar. I desse to vekene samla vi inn opp mot 70 tonn med matavfall. Ein må gå ut frå at desse tala skyldast at fleire starta utsorteringa allereie i oktober når dei fekk matavfallsdunken og på grunn av større mengder med mat i jula. Etter desse to vekene opplevde vi ein nedgang i mengder innsamla matavfall, før ein oppsving igjen. Basert på gjennomsnittet av (hittil) alle vekene med matavfall tømning, kan ein gå ut frå ei årsprognose på omtrent 71 kilo innsamla matavfall per innbyggjar. Den totale mengda innsamla matavfall i løpet av eit år er estimert til å vere rundt 1420 tonn, som vil gi oss ei auke i materialgjenvinningsgrada på 9,5 %.



Ei utfordring rundt den nye ordninga er å nå ut til alle med informasjon om kva som går i den nye dunken og kva som skal sorterast i andre fraksjonar. Tilsendte bileter frå tømning av matavfall hjå Søre Sunnmøre Reinhaldsverk viser at det er ein del feilsortering blant abonnentane. Dette vil vi sette inn eit trykk mot når innkjøringsfasen av den nye ordninga er i mål.

## **Marin forsøpling og strandrydding**

Marin forsøpling er ein av dei største miljø utfordringane vi har i dag. Marin avfall er avfall som samlar seg i strandsona og i havet. I følgje Miljødirektoratet så består 70-90% av forsøplinga av plast langs kysten av Noreg. Mesteparten av plastavfallet stammar frå fiskeri- og havbruksnæringa, samt frå forbrukarar.

Plasten forsvinn ikkje og vert nedbrote til mikro- og nano partikler som er til stor skade for livet i havet og på land. Spesielt utsatt er vi på vestkysten og Sunnmøre der havstrømmar frå Atlanterhavet møter havstrømmar frå vestkysten og slik dreg med seg avfall frå både utland og nærområde til kyststrekningar og strandlinjer.

I statsbudsjettet for 2018 øymerka Regjeringa 65 millionar kroner til tiltak mot marin forsøpling, samt 15 millionar til prosjekt som går over fleire år. Disse midla vert tildelt til avfallsselskap, interesseorganisasjonar og frivillige gjennom bl.a Miljødirektoratet og Hold Norge Rent. Vi ser eit stadig aukande fokus og deltaking til strandryddeaksjonen kvart år av frivillige og interesseorganisasjonar. Marin forsøpling er eit kompleks og evigvarande prosjekt når ein ikkje får stoppa kjelda til utsleppet. Utfordringa er derfor å oppretthalde motivasjonen blant dei frivillige og interesseorganisasjonane. Der er vi som eit offentleg organ ei viktig spelebrikke for å legge til rette for at avfallet vert riktig handtert og behandla og vise at kvar ein innsats nyttar.

I 2018 samla 1013 frivillige og interesseorganisasjonar inn 34 tonn med herrelaust marin avfall i områder i Volda og Ørsta. Kostnadane knytt til behandling av avfallet fekk vi refundert gjennom refusjonsordninga med Hold Norge Rent. Kostnadar knytt til administrering og koordinering av strandryddeaksjonen ved finansiert av VØR.

## Avfallsrekneskap


Avfallstype	2016 (i tonn)	2017 (i tonn)	2018 (i tonn)	Type gjenvinning
<b>Frå hushald</b>				
Papir, papp og kartong	928	1040	979	Material
Glas- og metallemballasje	239	264	268	Material
Plastemballasje	176	84	202	Material
Restavfall	2940	2916	2790	Energi
<b>Miljøstasjon</b>				
EE avfall	210	194	198	Material
Metall frå miljøstasjon	226	236	206	Material
Tekstil (frå begge kommunar)	131	143	216	Ombruk
Gummi	37	20	27	Material
Hageavfall	893	765	573	Kompostering
Grovavfall	665	690	661	Energi
Trevirke	363	419	401	Energi
Farleg avfall	236	250	287	Material/Energi /Deponi
Uorganisk avfall (Gips, isolasjon, stein, betong, flis)	73	183	123	Deponi
Slam	463	132	363	Material
<b>Totalt</b>	<b>7543</b>	<b>7193</b>	<b>7078</b>	
<b>Til materialgjenvinning (t)</b>	<b>3197</b>	<b>2779</b>	<b>2865</b>	
<i>Materialgjenvinningsgrad</i>	<b>42,38366698</b>	<b>38,63478382</b>	<b>40,47753603</b>	
<b>Til energigjenvinning (t)</b>	<b>4084</b>	<b>4196</b>	<b>4042</b>	
<i>I prosent</i>	<b>54,14291396</b>	<b>58,33449187</b>	<b>57,10652727</b>	
<b>Til deponi (t)</b>	<b>168</b>	<b>218</b>	<b>171</b>	
<i>I prosent</i>	<b>2,227230545</b>	<b>3,030724315</b>	<b>2,415936705</b>	



## Plastemballasje

Vi opplevde ei auke i innsamla plastemballasje i 2018 samanlikna med året før. I fjor vart det samla inn over 200 tonn plastemballasje frå innbyggjarane i Ørsta kommune og Volda kommune. Dette tilsvara over 10 kg per innbyggjar og er eit særst bra resultat samanlikna med landsgjennomsnittet på 6,5 kg. Dette tyder at meir plastemballasje vert tatt ut frå restavfallet.

Plastemballasje	2016	2017	2018
Kg per innbyggjar	8,8	4,2	10,1



Ei utfordring med auka mengd plastemballasje er at fleire ikkje har plastsekken opp i behaldar på hentedag. Dette er ei utfordring for sjåførane både tidsmessig og når det kjem til helse og sikkerheit. Det er også ein fare for at plasten kan hamne i naturen. I 2019 vil vi derfor ha som mål og gå breitt ut og oppmode abonnentane til å skaffe seg ein storleik større papirdunk enn restavfallsdunk.

## Glas og metallemballasje

Stadig fleire bestiller seg eigen behaldar for glas- og metallemballasje. I 2018 var det omlag 80 % av abonnentane som hadde skaffe seg ein slik dunk. I 2019 vil siste rest med metall- og glaseballasje dunkar verte køyrt ut til resterande abonnentar.

Eiga kjeldesortering med glas- og metallemballasje har ført til gode innsamlingsresultat. I 2018 samla vi inn 268 tonn med metall- og glaseballasje. Dette er 109 tonn meir enn då vi hadde returpunkt i 2015. Talet med innsamla metall- og glaseballasje ser ut til å ha stabilisert seg dei siste par åra.


Glas- og metallemballasje	2016	2017	2018
Kg per innbyggjar	11,95	13,2	13,4

## Restavfall

Vi ser at det er ein nedgang i mengder innsamla restavfall frå hushald i 2018. I 2017 samla VØR inn 2916 tonn med restavfall frå hushaldningane. I fjor var talet nede i 2790 tonn. Dette viser til betre sorteringsrutinar hjå abonnentane og kan gi eit inntrykk av at innbyggjarane er blitt meir bevisste

forbruket sitt. Dette er særst positivt og er i tråd med avfallshierarkiet som seier at avfallsreduksjon er det beste miljøtiltaket før ombruk og materialgjenvinning.


Restavfall	2016	2017	2018
Kg per innbyggjar	147	145,8	139,5



## Papir, papp og kartong

I 2018 samla VØR inn mindre mengder med papir og papp samanlikna med året før. Totalt vart det levert 979 tonn med papir og papp frå VØR mot 1040 tonn året før. Vi ser dog at i året 2016 vart det levert mindre mengder totalt enn både 2017 og 2018. Dette kan ha ei forklaring i at det er framleis for få abonnentar som reserverar seg mot unødvendig reklame i posten og at stadig fleire nyttar seg av netthandel som gir mykje pakke emballasje. Netthandel er sett som billig og lettvindt og er ei aukande trend blant folk. Det er dermed ingen grunn til å anta at mengdene emballasje vil reduserast drastisk med det første.

Papir,papp og kartong	2016	2017	2018
Kg per innbyggjar	46,4	52	48,9



## Farleg avfall.


Raud boks for farleg avfall vart innført våren 2018 og køyrt ut til alle abonnentar. Første innsamlingsaksjonen for farleg avfall hadde vi hausten 2018. Dette er eit tilbod som vert satt godt pris på av innbyggjarane utanfor sentrumsområda som har lengre avstandar til miljøstasjonen. For

sentrumsområda hadde vi langope to laurdagar, der bebuarane vart oppmuntra til å komme å tømme raudeboksa si med farleg avfall. Det har vore godt oppmøte på aksjonane og store mengder med farleg avfall har blitt samla inn og blitt forsvarleg handtert.

I fjor vart det samla inn 16,8 tonn med farleg avfall frå bygdene aleine etter eit halvt år. Til samanlikning fekk vi i 2017 inn 14 tonn totalt på heile året levert til samle punkt. Dette viser at innsamlingsordning er betre enn henteordning. Vi meiner og å registrere ei endring i haldningane til fleire av våre innbyggjarar når det kjem til farleg avfall og korleis dette skal behandlast.

Statistikken syner at den samla mengda farleg avfall levert frå VØR auka i 2018 samanlikna med åra før. Målet representantskapet hadde om 10 % auke i mengda farleg avfall, har nådd 22 %.

<b>Farleg avfall</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Kg per innbyggjar	11,8	12,5	14,35



## Miljøstasjon

Generelt sett har det vore ein nedgang i mengder avfall levert til miljøstasjonen i 2018 mot åra før. Det vart levert ei relativ stabil mengd med grovavfall og treverk. Vi ser også ei lita auke i levert EE avfall i 2018 mot året før. Det mest drastiske endringa var den reduserte mengda med hageavfall som i stor grad har trekt ned materialgjenvinningsgrada for 2018. Deponi mengda har også gått noko ned samanlikna med året 2017.

<b>EE avfall</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Kg per innbyggjar	10,5	9,7	9,9

<b>Metall frå miljøstasjon</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Kg per innbyggjar	11,3	11,8	10,3

<b>Hageavfall</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Kg per innbyggjar	44,65	38,25	28,65

<b>Grovavfall</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Kg per innbyggjar	33,25	34,5	33,05

<b>Trevirke</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Kg per innbyggjar	18,15	20,95	20,05

<b>Uorganisk avfall (Gips, isolasjon, stein, betong, flis)</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Kg per innbyggjar	3,65	9,15	6,15

## 10. Eigarrapportering og framtidsutsikter

VØR jobbar kontinuerlig mot auka materialgjennvinningsgrad innanfor gitte akseptable økonomiske rammer av eigarkommunane. Selskapet har dessverre ikkje nådd målet i klimaplanen vedtatt av representantskapet i 2015 om 50 % materialgjenvinning innan 2018. Det vil også vere utfordrande å nå målet om 60% innan 2020. Vona er at innføringa av utsortering av våtorganisk avfall i 2019 skal bidra til å nå det nasjonale kravet om 50 % materialgjenvinning innan 2020. Prognosane ser foreløpig særers positive ut.

Selskapet nådde i 2018 målet om 10 kg innsamla plastemballasje per innbyggjar som inngår i klimaplanen for 2010-2020 vedtatt av Ørsta kommune og Volda kommune i 2010. Jamført avfallspyramida er den viktigaste prioriteringa i avfallspolitikken ein nedgang i totale mengder med avfall. Som tabellen nedanfor syner, så har VØR hatt ein jamn nedgang i avfallsmengder innsamla frå hushaldningar sidan 2016.

<b>Totale avfallsmengder</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Kg per innbyggjar	377,15	359,65	353,9

Selskapet undersøker stadig om det er fleire avfallsfraksjonar som kan materialgjennvinnast. Dette er avhengig av marknaden og etterspørsel etter råvarer, samt behandlingsmoglegheiter. Selskapet har notert seg ein moglegheit til å forflytte treverk frå energigjenvinning til materialgjenvinning, då det no i 2019 har opna ei moglegheit for å levere treverk til flisproduksjon i Skottland. Det var også gjort eit vedtak i 2015 Representantskapet om å undersøke moglegheitene for å behandle hardplast. Dette vart undersøkt då utan å finne eit tilbod for denne fraksjonen. Det har no i 2019 opna seg ei moglegheit gjennom Grønt Punkt Norge som vi vil nytte oss av. Tilbodet er å levere hardplast frå gjenvinningsstasjonar til eit godkjent plastsorteringsanlegg utanfor Vilnius i Litauen. Krava er strenge til kva vi får levere frå oss, då hardplasten må vere reint sortert.

For å nå framtidige materialgjennvinningsmål innan 2025 og 2030, må vi rekne med fleire fraksjonar som skal utsorterast i løpet av åra som kjem. Det er vår ambisjon om å gjere vårt til at desse måla vert nådd, til det beste for noverande og framtidige generasjonar.